

Campusutviklingsprosjektet

Campus Sogndal



Rapport frå arbeidsgruppe

Dato 2. mai 2022

Innhald

1.0 Prosjekt campusutvikling

1.1 Bakgrunnen for prosjekt campusutvikling

2.0 Campusutvikling campus Sogndal

- 2.1 Mandat for campusutvikling campus Sogndal
- 2.2 Arbeidsgruppa si samansetnad og arbeidsform
- 2.3 Kort samandrag av prosjektgruppene sine framlegg
- 2.4 Arbeidsgruppa sine framlegg til tiltak

3.0 Bakgrunn og profil

- 3.1 Historie og faktagrunnlag for campus Sogndal
- 3.2 Campusseminar okt. 2021
- 3.3 Utfordringsbilete for campus Sogndal
- 3.4 Profil for campus Sogndal

4.0 Oppfølging

- 4.1 Koordinering med andre utviklingsprosjekt ved HVL
- 4.2 Vidare arbeid med campusutvikling for campus Sogndal

5.0 Samarbeidspartnarar

- 5.1 Kommunesektoren
- 5.2 Sogndal kommune
- 5.3 Fylkeskommunen
- 5.4 Statsforvaltaren og statlege institusjonar
- 5.5 Institusjonar lokalt
- 5.6 Næringsliv
- 5.7 Internasjonalt

6.0 Bygg og uteområde ved campus Sogndal

- 5.1 Bygningar
- 5.2 Uteområde
- 5.3 Samarbeid mellom eigarane på campus Sogndal

6.0 Prosjektgruppene sine framlegg til tiltak

- 6.1 FIN prosjektgruppe
- 6.2 FLKI prosjektgruppe
- 6.3 FØS prosjektgruppe
- 6.4 FHS prosjektgruppe
- 6.5 Bibliotek og teknisk/administrativ prosjektgruppe

Vedlegg

1.0 Prosjekt campusutvikling

1.1. Bakgrunnen for prosjekt campusutvikling

Utvikling av levande campus var ein viktig del av fusjonsavtalen for Høgskulen på Vestlandet. I tildelingsbrevet for 2020 er Kunnskapsdepartementet tydelege på at fleircampusinstitusjonar som HVL må utarbeide ein overordna campusstrategi og løfte campusane sine særmerke. Som oppfølging har høgskulen etablert eit campusutviklingsprosjekt ved kvar av dei fem campusane i perioden frå oktober 2020 til hausten 2021. Arbeidet skal føre fram til ein overordna strategi for å løfte campusane både fagleg, sosialt og kommersielt.

I mandatet for arbeidet er det peika på at vi skal ha campusar med tydelege profilar som er attraktive for studentar og tilsette, og som regionalt arbeids- og samfunnsliv har eigarskap til. Campusutviklinga skal sjåast i samheng med administrativ organisering, arealutnytting, og det å etablere fysiske areal for samhandling med samfunns- og næringsliv. HVL skal byggje berekraftige campusar som veks ut av HVL som heilskap, og som samtidig har sterke lokale røter.

2.0 Campusutvikling campus Sogndal

2.1 Mandat for campusutvikling campus Sogndal

Mandatet frå prosjekteigar gjer framlegg om å gjennomføre ein utviklingsverkstad onsdag 6. og torsdag 7. oktober 2021. I programmet for verkstaden skal det leggest stor vekt på samspelet som campus Sogndal har med ulike organisasjonar i Sogndal og i regionen som Sogndal er ein del av, og få fram kunnskap og kva moglegheiter som er for den framtidige campus. Verkstaden, kalla campusseminaret, er gjennomført i tråd med mandatet.

Vidare vert det peika på at prosjektgrupper frå fakultet og administrasjon skal involverast i arbeidet under verkstaden, og følgje opp arbeidet i etterkant.

Oppfølging av prosjekt campusutvikling for campus Sogndal vart etablert som eige prosjekt, med organisasjonsdirektør som prosjekteigar og rektor si toppleiargruppe som styringsgruppe for prosjektet. Organisasjonsdirektør oppnemnde ei overordna arbeidsgruppe for prosjektet, med representasjon frå alle fire fakultet og administrative einingar, samt representasjon frå studentar og tillitsvalde.

2.2 Arbeidsgruppa sin samansetnad og arbeidsform

Arbeidsgruppa har samanfatta innspela frå prosjektgruppene og framlegg til tiltak i ein samla rapport. Den blir framlagt for rektor si toppleiargruppe med tilhøyrande tiltaksplan for campusutviklinga. Mandatet peikar vidare på at gruppa skal sikre at det blir sett i verk konkrete tiltak for utvikling av campus Sogndal, og initiere og følgje opp tverrgåande og felles tiltak.

Arbeidsgruppa skal sørge for at samarbeidspartnarar og aktørar frå regionalt arbeids- og samfunnsliv er involverte i det vidare utviklingsarbeidet. I tråd med mandatet har gruppa hatt fokus på at dei konkrete tiltaka for utvikling av campus Sogndal er vidareutvikla frå idéar og innspel som kom fram i campusverkstaden, at dei er innretta mot å utvikle ein fagleg profil for campus Sogndal, forankra i HVL og fakulteta sine strategiar og handlingsplanar, og at dei er realistiske, både når det gjeld gjennomføring og kostnader.

Arbeidsgruppa:

Prorektor regional utvikling Geir Kåre Resaland (leiar av arbeidsgruppa)

FIN Øyvind Midtbø Berge

FHS Svanaug Fjær

FLKI Frode Fretland

FØS Grete Netteland

Frå prorektor utdanning Solfrid Kjoberg

Frå tillitsvalde Tone Skjerdal

Frå Administrasjon/ODU Wiggo Hustad

SAMAN Monica Solheimsnes

Studentar Mona Ismail Lillemo (repr), Adelheid Kristiansen Breidvik (vara)

Sekretariat Frank Krogh Kongshavn

Prosjektleder Paul J. Manger

I tillegg til arbeidsgruppa har leiarane av prosjektgruppene vore med på møta, Cecilie Thaule, Tarald Seldal, Hege Gjerde Sviggum og Ingunn Skjelbreidalen. FHS har hatt Svanaug Fjær både som representant og leiar av prosjektgruppa. Rasmus Stokke er med som prosjektstøtte i arbeidet. Gruppa har hatt fem digitale møte på Teams og eitt fysisk møte i Sogndal.

2.3 Kort samandrag av prosjektgruppene sine framlegg

Prosjektgruppene frå fakulteta og administrasjon/teknisk/bibliotek har gjennomført innspelsprosessar i eigen organisasjon og med eksterne partar, og lagt prosjektrapportane fram for arbeidsgruppa. Dei er vedlegg til arbeidsgruppa sin rapport. Innspela er baserte på synspunkt, erfaringar og diskusjonar som har gått over tid om utfordringar og utviklinga på campus.

Hovudpunkta i innspela frå prosjektgruppene kan oppsummerast i fem punkt:

- Styrke den tverrfakultære satsinga på det gode student-, arbeids- og læringsmiljøet
- Styrke og vidareutvikle samarbeidsrelasjonar med lokalt og regionalt samfunns- og arbeidsliv innan både forskning og utdanning

- Utvikle studieporteføljer internt på campus og på tvers i samarbeid med dei andre campusane, og i samsvar med ønsker frå samfunns- og arbeidsliv
- Få synleggjort campus med fysiske møteplassar og sosiale møtepunkt, auka aktivitet og attraktivitet på campus og styrke merkevarebygginga av ein internasjonal campus
- Utvikle arealutnytting, infrastruktur og læringsfasilitetar vidare ved campus

2.4 Arbeidsgruppa sine framlegg til tiltak

Arbeidsgruppa har arbeidd vidare med rapportane frå prosjektgruppene og campusseminaret. Gruppa har definert følgjande hovudområde og framlegg til tiltak for oppfølging:

Hovudområde	Framlegg/ Tiltak
Tverrfakultær satsing på det gode student-, arbeids- og læringsmiljøet	<p>Møteplassar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skape nye møteplassar for studentar, som til dømes linjeforeiningar, og møteplassar mellom studentar, fagtilsette og lokalmiljøet - Skape sosiale møteplassar for tilsette på tvers av fakultet og administrasjon/teknisk/bibliotek - Ta bort hinder for å låne/leige lokale på campus - Møteplassar for å involvere studentane meir i forskning - Møteplassar for stipendiatar på tvers av fakulteta - Etablere forum på tvers av fakultet og administrasjon/teknisk/bibliotek for å melde inn saker og behov <p>Naturen og omgjevnadane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Setje ned eit utval på tvers av fakultet og administrasjon/teknisk/bibliotek for å konkretisere korleis naturen, nærmiljøet og arbeidsliv kan vidareutviklast som forskings- og læringsarena <p>Arbeidsmiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for kontorløysingar som gjer det mogleg å utvikle gode arbeidsmiljø <p>Aktiv læring som tverrfakultær satsing:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere felles prosjektgruppe på tvers av fakultet og administrasjon/teknisk/bibliotek for aktiv læring

	<ul style="list-style-type: none"> - Skape læringsareal for varierte undervisningsformer og møte på tvers av fakultet <p>Internasjonalisering og mangfald:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Profilere campus Sogndal som ein internasjonal campus. Setje ned arbeidsgruppe på tvers av fakultet, administrasjon/teknisk/bibliotek, Saman og andre for å utvikle og fyller profilen med innhald - Utvikle språkkurs, kurs i norske forhold, infoflyt på engelsk, og stimulere til å utvikle internasjonale emne og felles emne og felles forskingsprosjekt med partneruniversitet m.m
<p>Styrke og vidareutvikle samarbeidsrelasjonane med samfunns- og arbeidslivet</p>	<p>Kontaktskapande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere møteplassar for arbeidsgjevarar på campus, og faste møteplassar med samfunns- og arbeidslivet sine organisasjonar - Vidareutvikle ordningar med hospitering og delte stillingar - Involvering i strategisk planarbeid i kommunar og andre organisasjonar <p>Auke omfang av livslang læring, og samarbeid om forskning:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skape nye studietilbod på tvers av fakulteta - Erfaringsdele og utvikle fleksible undervisningsmodellar på tvers av fagmiljø - Ta eksisterande samarbeid meir inn i studieretningar og fagmiljø - Søke om fleire forskingsprosjekt i lag med samfunns- og arbeidslivet - Etablere fleire ph.d saman med offentlege institusjonar og næringslivet <p>Støttetiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Få på plass system for oversikt over etablerte samarbeid, formalisere tilfeldig samarbeid, og inngå nye samarbeidsavtaler på campusnivå - Ha stadleg tilgang til administrative støtteressursar til fleksibel læring
<p>Infrastruktur og læringsfasilitetar som forsterkande element</p>	<p>Utvikle læringsfasilitetar på tvers:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Setje ned arbeidsgruppe som vurderer korleis areal vert godt nytta, og vurdere føreslegne tiltak som samtale-grupperom, rom for ferdigheitstrening, læringslabbar, hytter i uteområdet, botanisk hage,


	<p>aktivitetssløyper, areal for fleksible og varierte undervisningsformer, undervisningshubar, læringsssenter osv. Tiltak både for utdanningar på campus, for livslang læring, og tiltak i samarbeid med lokalmiljøet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arbeidsplassar for masterstudentane <p>Sosiale fasilitetar for studentar og tilsette</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vidareutvikle fasilitetar ute, som sosiale møteplassar, t.d. bålplassar, blomstervekstar, sauna, naust osv. Gjere det i samarbeid med prosjektet «Samskaping for eit berekraftig Sogn», og i «Campusprosjekt for berekraft og miljø» <p>Miljø og berekraftsløysingar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere campusprosjekt på tvers av fakultet, administrasjon/teknisk/bibliotek og eksterne partnarar om berekraft og miljø. Utnemne prosjektgruppe - Etablere kollektive løysingar for føreslegne tiltak som el- sykklar og bil, miljøvenleg forbruksmateriale, fleire overbygde sykkelparkeringar, ladestasjonar, inngå samarbeid med Saman om vidareutvikling av miljøfyrtårn og plantebasert mat i kantina, m.m.. I samarbeid med «Campusprosjekt for berekraft og miljø», og prosjekt «Aktiv læring» - Gjere skiltinga tydelegare og betre på campus, engelsk teksting - Setje ned arbeidsgruppe som vurderer tiltak for å løyse kapasitetsutfordringane på arbeidsplassar for tilsette. Starte arbeidet med å utvikle fleire arbeidsplassar for tilsette og studentar, samt moderne spesialrom og undervisningsrom. Dette kan koordinerast med foreslått gruppe som skal sjå på læringsmiljøfasilitetar på tvers. Må einast om struktur i det totale arbeidet som skal gjerast
--	--

Merk: Fellesnemnar for tiltaka er at dei går på tvers av etablerte styringslinjer i HVL. Det krev særskild merksemd for å sikre effektiv oppfølging.

3.0 Bakgrunn og profil

3.1 Historie og faktagrunnlag for campus Sogndal

Kjelde: Terje Bjelle, Små studiestader, 2018



Campus Sogndal i HVL har historiske røtter tilbake til Sogndal Lærarskule, som blei skipa for 50 år sidan den 1. september 1972. Og Sogndal Distriktshøgskule, som blei skipa hausten 1975 med 40 studentar. Mot slutten av 1980- talet var det litt over 300 studentar på lærarskulen og i underkant av 400 på Distriktshøgskulen. I 1994 vart dei to institusjonane del av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Studenttalet steig kraftig i 1990-åra og stabiliserte seg på eit litt lægre nivå tidleg på 2000-talet. Men talet studentar som blei tekne opp auka. Søknadstalet steig igjen i åra etter 2010.

I heile perioden frå 1994 har campus Sogndal rekruttert meir studentar utanfrå Sogn og Fjordane enn frå Sogn og Fjordane. God *nasjonal rekruttering* har vore eit særmerke for campus Sogndal, men variert frå studium til studium. Det siste tiåret har rekrutteringa til campus vore slik at måltala stort sett er oppfylte. Tabellen nedanfor viser at campus Sogndal hadde 3038 registrerte studentar i 2021. Talet var litt høgre i 2017, men det totale bildet siste 8-9 åra er eit relativt stabilt registrert studenttal mellom 3000 og 3200.

Talet på tilsette har auka jamt dei siste åra frå vel 300 for 7 år sidan, 327 i 2018 til 383 i 2021. sjå tabell nedanfor. Talet heng i stor grad saman med talet på studentar, men er og avhengig av fagmiljøa si evne til å konkurrere om eksterne ressursar, og korleis dei teknisk/administrative ressursane blir fordelte på campusane.

Eit særmerke for campus Sogndal har vore eit høgt tal *desentraliserte og fleksible utdanningstilbod* i periodar. I 2014 gjekk det 1142 studentar på fleksible tilbod ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. I 2018 har ein tal som viser at denne gruppa utgjorde 14% av det totale studenttalet ved campus Sogndal omrekna i heiltidsstudentar. Det utgjer 425 heiltidsstudentar. Enkelte fagmiljø ved campus har omfattande og årelang

erfaring med tilbud innanfor livslang læring. Det dannar eit godt grunnlag for å kunne auke satsinga.

Eit tredje særpreg har vore å ha eit *tett samarbeid og eit nettverk av møtestrukturar med regionen og lokalmiljøa*, både om kompetansesatsingar, og lokalt i Sogndal om infrastruktur. Samarbeidet om bygningsmasse, lokalitetar og areal i Sogndal har vore styrt av ei felles Eigargruppe.

Det siste særmerket som er sentralt å trekkje fram, er *trivsel i studietida*. I kandidatundersøkingane frå åra 2013 - 2015 svarte tett oppunder 90% av studentane ved campus at dei trivs godt eller svært godt i studenttida og med studiane i Sogndal. Ein har ikkje tilsvarende tal for dei siste åra, men det er ikkje noko som tyder på at det har endra seg. I SHOT-undersøkinga frå 2018 er det berre nokre få studiestader i landet som har like gode tal for studenttilfredsheit som Sogndal. Det går fram at studentane i Sogndal er mest nøgde samanlikna med andre studiestader med 12 av 17 definerte fasilitetar og tilbud ved studiestaden knytt opp til studentmiljø.

Tal studentar og tilsette

	Antall studentar 2017	Antall Studentar 2018	Antall Studentar 2020	Antall Studentar 2021
Bergen	9015	8810	9560	10890
Førde	755	915	830	944
Haugesund	1625	1710	1555	1743
Sogndal	3170	3030	3010	3038
Stord	1650	1690	1285	1372
HVL	16 215	16 160	16 240	17987

Studentar FØS			
Campus	2018	2020	2021
Bergen	590	780	909
Førde	30	40	92
Haugesund	675	720	869
Sogndal	775	765	978
Stord			2
HVL	2070	2305	2850

Studentar FHS			
Campus	2018	2020	2021
Bergen	2360	2480	2850
Førde	635	630	642
Haugesund	590	555	567
Sogndal	500	575	620
Stord	405	410	417
HVL	4490	4650	5096

Studentar FIN			
Campus	2018	2020	2021

Bergen	2330	2500	2601
Førde	165	160	219
Haugesund	445	250	259
Sogndal	290	305	350
Stord			
HVL	3230	3215	3429

FLKI			
Campus	Antall Studenter 2018	Antall Studenter 2020	Antall Studenter 2021
Bergen	3530	3800	4525
Førde	85		1
Haugesund		30	48
Sogndal	1465	1365	1090
Stord	1285	875	953
HVL	6365	6070	6617

Antall HVL tilsette fordelt etter fakultet og campus

	BGO		Stord		Førde		Sogndal			Haug.	
	Antall ansatt 2018	Antall ansatt 2020	Antall ansatt 2018	Antall ansatt 2020	Antall ansatt 2018	Antall ansatt 2020	Antall ansatt 2018	Antall ansatt 2020	Antall ansatt 2021	Antall ansatt 2019	Antall ansatt 2020
FHS	257	277	32	35	55	53	40	59	59	45	40
FIN	220	284	1	1	8	20	39	48	55	13	51
FLKI	296	352	110	113	0	0	119	135	134	2	1
FØS	40	56	0	1	0	0	49	52	53	59	57
FA	213	232	48	51	21	19	80	80	82	43	48
Enhet	1026	1201	191	201	84	92	327	374	383	162	197

3.2 Campusseminaret oktober 2021

Campusseminaret, «Campus Sogndal som kraftsentrum og samarbeidspartner» vart gjennomført 6-7 oktober i 2021. Dag 1 hadde fokus på campus si utvikling fram til no, på campus si rolle lokalt, og kva campus kan utvikle seg til framover. Eksterne samarbeidspartnarar bidrog med innlegg:

- Samfunnsgründerane Rolf Navarsete og Yngve Hallén hadde innleingar om perspektiv på campus Sogndal i framtida.
- Kristine Timberlid, avdelingsleiar Innovasjon Norge Vestland, hadde innlegg med tittel: «Utan ein ambisiøs campus, lukkast ikkje regionen».
- Rasmus Mo var ordstyrar på paneldebatten: «Campus Sogndal som kraftsentrum i Sogndal og Sogn – kva er særpreget, kva er posisjonen ein har som må forsterkast?» Paneldeltakarar:

Trine Lerum Hjellhaug, Lerum
 Heidi Katrin Osland, Arkitektfirma 4B
 Jorunn Felde, Sogndal vidaregåande skule
 Erlend Fardal Lunde, Vitensenteret Vite Meir
 Kjetil Kvåle, Kunnskapsparcken

Kristine Timberlid, Innovasjon Norge Vestland
Rolf Navarsete, kjøpmann og samfunnsgründer

Det var gjennomgang om campus Sogndal før og no, og innlegg frå SAMAN og studentrepresentantar om studentbygda Sogndal.

Dag 2 dreia seg om lokale og regionale forventingar til HVL campus Sogndal, og om fakulteta sine framtidsperspektiv på høgare utdanning i Sogndal. Eksterne innlegg:

- Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune om «samarbeid Vestland fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet innan utdanningsfeltet»
- Ordførar Arnstein Menes, Sogndal kommune med tittelen «Høgskulen på Vestlandet og campus Sogndal - Kva er forventningane til HVL?»
- Leiar Hilmar Høl, Sogn Regionråd hadde innlegg om: «Regionalplan for Sogn 2021 - 2024»
- Rasmus Mo leia debatt om «Kva er dei regionale og lokale forventningane til HVL og campus Sogndal. Panel:
Fylkesordførar Jon Askeland
Ordførar Arnstein Menes, Sogndal kommune
Varaordførar Vibeke Johnsen, Sogndal kommune
Fylkestingsrepresentant Lise-May Sæle, Vestland fylkeskommune

Siste del av dagen var panelet, fakulteta og administrasjon/bibliotek utfordra til å teikne framtida under tittelen : «Høgare utdanning i Sogndal - ulike framtidsperspektiv». Innspela er følgde opp gjennom arbeidet i prosjektgruppene, og summert opp i rapportane frå prosjektgruppene til arbeidsgruppa.

Ein noterte seg m.a. desse utsegna frå eksterne deltakarar:

- Flinke folk trekker flinke folk.
- Dei (studentane) blir verande og utviklar samfunna rundt seg - både i privat og offentleg sektor. Høgskulen er naturleg del av nærings- og samfunnsliv, saumlaus flyt.
- Nærleik trumfar eksellense
- Framtida er tverrsektoriell. Framtidas kompetansebehov er nært og fleksibel
- Tenke enda meir på kva de kring HVL Campus Sogndal treng av det nye profesjons- og arbeidslivsretta universitet

Det kom tilbakemeldingar frå dei eksterne deltakarane i etterkant. Eitt av utsegna: «Å utvikle HVL sine campus er ikkje berre viktig for HVL, men også avgjerande viktig for vertskommunane og samfunnet i og omkring dei lokale campusane».

3.3 Utfordringsbilde for campus Sogndal

Campus Sogndal har eit relativt stabilt rekrutteringsbilde siste tiåret, og tilfredsstillande i høve til studentmåltala. Tre av fakulteta har hatt auka rekruttering siste fire åra, det fjerde har færre. Men det er lite å gå på i høve til negative svingingar i studentmarknaden og fråfall av studentar. Det er og grunnutdanningar ved campus som har for lite rekruttering sett opp mot måltala, som grunnskulelærarutdanningane. Store søknadstal gir større konkurranse om studieplassane, og grunnlag for å auke måltal og utvide portefølja.

Det er difor ei viktig utfordring for campus Sogndal å halde fram og ha tiltak og fokus på alt som verkar inn på studentrekruttering. Det er eit lågt folketal i den nære regionen, og campus si rekruttering nasjonalt er sårbar for svingingar i den nasjonale studenttilgangen. Campus har og merka at auke av studieplassar i storbyane verkar inn på rekrutteringa.

Campus Sogndal er den campusen ved HVL som har flest internasjonale studentar, 77 hausten 2021. *Det ligg til rette for at talet kan auke i framtida*, og kan vere buffer for svingingar i den nasjonal studenttilgang.

Campus Sogndal har lang tradisjon for satsing på tilbod innretta mot livslang læring. Studenttalet har variert historisk, og vore høge dei seinare åra. Det er ei viktig utfordring for campus Sogndal *å bli gode til å bruke erfaringar som blir bygde opp på tvers av fagmiljø som fortrinn for framhaldande satsing på tilbod innanfor læring heile livet.*

Trivsel i studietida og tilfredsheit med miljøskapande infrastruktur og tilbod på campusområdet, er eit markant signal frå studentane, og det verkar forsterkande på studentrekrutteringa. Det er ei framtidsutfordring å halde oppe og vidareutvikle *campus Sogndal som den nære og aktivt levande studiestaden, tilrettelagt for alle studentar.* Det kan ein m.a. få til i nære samarbeidsrelasjonar med lokalmiljøet. Sogndal kommune er i ferd med å utarbeide «Studentmeldinga», som blir lagt fram før sommaren. Studentane ved campus har involvert seg mykje i utviklinga av meldinga, og tiltaka som blir foreslått vert viktige å sjå i samanheng med tiltaka i Campusprosjektet.

3.4 Profil for HVL campus Sogndal

På bakgrunn av utfordringsbildet samla arbeidsgruppa seg om tre hovudsatsingar for å vidareutvikle campus Sogndal:

- *student-, lærings og arbeidsmiljø,*
- *styrking av samarbeidsrelasjonane med arbeids- og samfunnsliv*
- *infrastruktur og læringsfasilitetar*

Tiltaka innafor hovudsatsingane vil støtte opp under ei utvikling der campus Sogndal står fram med tydelege profiler i høve til omverda.

Gode student og læringsmiljø, mangfald i studietilbod og studentar, nærleik, natur, brukarperspektiv, og samarbeidsrelasjonar med arbeids- og samfunnsliv, er kvalitetar som blir trekte fram som viktige kjenneteikn på kva ein er. Arbeidsgruppa peikar på å dyrke desse tre hovudprofilområda for framtida:

- Gode arbeids- og læringsmiljø er prega av trivsel. Ei rekkje av dei føreslegne tiltaka peikar på å utvikle gode møteplassar og samhandling på tvers av

fakultet og grupper på campus, og på å utvikle inspirerende lærings- og sosiale fasilitetar ute og inne. Tiltaka vil styrke profilen til campus Sogndal *som kompakt, prega av pulserande liv og aktivitet, nærleik, og tett på*. Å styrke profilen til campus Sogndal som denne typen attraktiv studiestad, vil verke positivt på rekruttering, både av studentar og tilsette.

- *Ein campus som omgivnaden tek eigarskap i, og ein campus som tek eigarskap i omgivnaden*, peikar seg ut som eit profilområde som er sterkt i dag, og som kan utvikle seg endå meir kraftfullt i framtida. Arbeidsgruppa sine føreslegne satsingar på berekraft, miljø, bruk av natur, mangfald, aktiv læring, livslang læring, og ønska om tiltak for å vidareutvikle samarbeidsrelasjonane med omverda, byggjer på markante særtrekk ved campus, og støttar opp under den arbeids- og samfunnslivsretta profilen til HVL. *Campus Sogndal kan vidareutvikle seg som ein campus for eit mangfald av studietilbod og forskingssamarbeid med omverda*.
- Dette, saman med satsingar på berekraft, bruken av natur, aktiv læring og profilen som kompakt og tett på, vil etter alt å døme kunne ha ein særskild positiv innverknad på rekruttering frå andre land, både nært og fjernt. Slike kvalitetar, som dei færreste store studiestadar kan vise til, vil truleg tiltrekke studentar internasjonalt på same måten som campus Sogndal i lang tid har greidd å rekruttere godt nasjonalt. *Å vere den internasjonale campusen, som trekkjer til seg internasjonale studentar og tilsette, og med fokus på integrering*, kan utvikle seg som eit tydeleg profilområde for campus Sogndal i åra som kjem.

Profilområda må spissast i oppfølginga av arbeidsgruppa sine framlegg, og i prosessar rundt bygging av merkevare for campus Sogndal HVL.

Oppsummerande skal campusutviklinga understøtte at campus Sogndal HVL står fram med ein tydeleg profil i høve til omverda som:

- ***Ein aktiv, tett og nær campus***
- ***Ein campus omgivnaden tek eigarskap i, ein campus som tek eigarskap i omgivnaden, for eit mangfald av studietilbod***
- ***Ein internasjonal campus med fokus på integrering***

4.0 Oppfølging

Det er viktig å merke seg at tiltaka som er føreslegne frå arbeidsgruppa går på tvers av organisasjonsstrukturane. Det same gjeld forslag til profilområde. Organisasjonen HVL er organisert for å byggje aktivitet innafor same fagområde på ulike campusar. Altså ikkje organisert for tverrfakultært samarbeid, det vere seg internt på kvar av

campusane eller mellom campusane. I oppfølginga av rapporten er arbeidsgruppa særskild oppteken av at det blir identifisert kven det skal vere samarbeid mellom i dei ulike satsingane, korleis ansvaret for oppfølginga skal fordelast, og korleis det skal følgjast opp organisatorisk og økonomisk for å lukkast med gjennomføringa.

4.1 Koordinering med andre utviklingsprosjekt ved HVL

Campusutviklingsprosjektet følgjer tett på arbeidet som blir gjort i universitetsprosjektet. Fusjonsavtalen frå 2016 slår fast at HVL skal arbeide for å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Ikkje minst er ambisjonen heilt sentral i HVL sin strategi for åra 2019-2023. Ambisjonen er skriven inn i HVL sine verksemdsmål og i utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet. For å bli Universitetet på Vestlandet må alle campusane løfte forskingsaktivitetane sine. På Campus Sogndal er det allereie gode fagmiljø som har lukkast godt med å markere seg nasjonalt og internasjonalt. Desse må få utvida støtte til å bygge vidare på sine eksisterande forskingsprosjekt og -nettverk.

Livslang læring:

Prosjektet Livslang læring ved HVL har lagt fram ein rapport i 2021 for å vise HVL sine ambisjonar for å lære heile livet. «HVL ynskjer å vere den føretrakte samarbeidspartnaren og betydeleg aktør for regional utvikling» for samfunns- og arbeidslivet rundt campusane. Sentrale tematikkar i rapporten omhandlar ny forståing av kven studenten er, og at det er behov for å skape felles forståing, fleksibilitet og fart. Koordinering av ressursar på fagsida og i administrasjonen kan vere nøkkelen til å svare godt på samfunns- og arbeidsliv sine behov for livslang læring, og bidra til revisjon og utvikling av studieporteføljen. Ein relevant problemstilling for utvikling av campus Sogndal er korleis HVL skal kunne vere relevant for eit arbeids- og samfunnsliv rundt som har bruk for kompetanse ut over det fakulteta kan tilby ved campus per i dag.

Studieportefølje og studietilbod:

Signal frå HVL si leiing er at diskusjonar om studieporteføljeutvikling må stå sentralt i prosessane knytt til campusutvikling og særskilt i prosjektgruppene sitt arbeid. Det blir derfor viktig at forslaga som kjem frå prosjektgruppene blir del av fakulteta sitt periodiske arbeid med utvikling av studieporteføljen, som er knytt opp mot sentrale ambisjonar og strategiar. Det er og eit strategiarbeid på gang i HVL. Arbeidet med prosjekt campusutvikling må takast inn i strategiarbeidet. I oppfølginga av prosjektgruppene sine rapportar er det viktig å skilje mellom nye tiltak, tiltak som er under planlegging, eller tiltak som allereie er i ferd med å bli implementert som ein del av fakulteta sin prosess for studieporteføljeutvikling.

Berekraft og miljøatsingar:

HVL har berekraft som ein av tre hovudverdiar i strategien, og derfor er det eit strategisk viktig arbeid som blir lagt ned kvar dag for stadig å bli betre på miljø og klima på alle dei fem campusane. Det er ei forventning hos stadig fleire i samfunnet at verksemdene dei nyttar, eller jobbar for, er berekraftige. Og det er også viktig for studentane ved HVL, for unge som vurderer å søkje studieplass ved HVL, for dei tilsette og for samarbeidspartnarar at HVL leverer på dette. Alle dei fem campusane til HVL er Miljøfyrtårn-sertifiserte. Det betyr at HVL har ein plan for korleis ein skal tilfredsstillere meir enn 70 ulike kriterium for grøn omstilling og miljøleiing. HVL

arbeider målretta og hardt for å oppnå gode resultat fram til resertifisering, som skjer kvart tredje år.

4.2 Vidare arbeid med campusutvikling campus Sogndal

Arbeidsgruppa sin rapport vert lagt fram for HVL si toppleiargruppe for oppfølging. Ansvar for oppfølginga ligg i linjeorganisasjonen. Gevinsten av prosjekt campusutvikling skal vere å stimulere kjerneproduksjonen i organisasjonen Høgskulen på Vestlandet. Det samla arbeidet med prosjekt campusutvikling er eit arbeid som ein vil sjå gjennom heile året 2022.

Dei føreslegne tiltaka går på tvers av fakulteta, og mange involverer ADU/administrasjon/teknisk/bibliotek og eksterne partar. Det betyr at oppfølginga må setjast i verk på tvers av organisasjonslinjene i HVL. Arbeidsgruppa har god forankring for dei føreslegne tiltaka nedover i organisasjonen gjennom arbeidet med prosjektrapportane, og arbeidsgruppa ønskjer å vere involverte i oppfølgingsarbeidet. Den gode forankringa av føreslegne tiltak gjer det mogeleg å setje av ressursar og gjennomføre tiltak raskt. Gruppa peikar på at framlegga til tiltak må følgjast opp med ressursar. Det er viktig at tiltak som heng lågt i høve til ressurs- og tidsbruk får ei særleg rask iverksetjing. Arbeidsgruppa peikar vidare på at arbeidet med å utvikle campus Sogndal som ein internasjonal campus skal ha høg prioritet.

5.0 Samarbeidspartnarar

Arbeidsgruppa sine framlegg til tiltak og profilar for campus ber preg av og byggjer på eksisterande samarbeid og eksterne kontaktnett. Dette er dei viktigaste aktørane i det eksterne samarbeidet, og viktige aktivitetar å byggje vidare på:

5.1 Vertskommunen Sogndal

Som vertskommune har HVL campus Sogndal har eit tettare samarbeid med Sogndal kommune enn resten av kommunesektoren. HVL v/prorektor for regional utvikling har 1- 2 årlege vertskommunemøter, initiert både av kommunen og HVL, og der rektor deltek på dei HVL-initierte møta. På møta deltek og andre i HVL-linja på campus, avhengig av saker. I tillegg kjem møter i samband med enkeltprosjekt og satsingar. Sogndal kommune ønskjer eit relevant- og utåtvent campus, som er pådrivar, og som tek heile kommunen i bruk. Kommunen ønskjer å yte gode tenester for studentane, og lage gode og oppdaterte studentmeldingar. Sogndal kommune og representantar for HVL på campus deltek i eigarmøte på campus Sogndal. FLKI har samarbeid med kommunen om lærarutdanningsbarnehagen Fosshagen og lærarutdanningsskule Leikanger skule. FLKI har og delte stillingar med skular i Sogndal kommune som dei vil vidareføre og utvikle. Fakultetet ønskjer å skape fleire læringsarenaer i samarbeid med kommunen, som til dømes aktivitetsløe. FHS etterlyser årlege møtepunkt mellom FHS og Sogndal kommune.

5.2 Kommunesektoren

Kommunesektoren er den viktigaste avtakaren av ferdigutdanna studentar for fleire av fakulteta, og viktigaste målgruppa for livslang læring. Prorektor for regional utvikling har møteforum med KS og klynger av kommunar i Vestland, som Sogn Regionråd. Representantar frå fakulteta på campus deltek på møter i Sogn Regionråd avhengig av saker som er oppe. Nyleg er det signert avtale knytt til HVL Skape i Sogndal for å hjelpe studentar med idear som kan kommersialiserast.

Dei statlege kompetansesatsingane Decomp og Recomp i skular og barnehagar er bygd opp på ein slik måte at kommunane og lærarutdanningane samarbeider om å utvikle satsingar. Satsingane er prosjektstyrte tiltak mot enkeltkommunar, ikkje koordinerte i regionen som dei var tidlegare. Fakulteta deltek i satsinga «Samskaping for eit berekraftig Sogn» (Sogndal kommune, Sogn Næring, Sogn regionråd, Vestland fylkeskommune og NTNU) der ein m.a. utviklar digital møteplass for arbeidslivsaktørar, frivillige organisasjonar, studentar og tilsette ved HVL. Det er fleire forskingsprosjekt som er tungt forankra i kommunane. FLKI deltek i «Program for folkehelsearbeid i kommunane». FLKI er ikkje lenger faste deltakarar på regionmøter, men deltek på møter knytt til tilskotsordningar der høgskulen er involvert, og på kartleggingar av behov og analyser. FHS meiner det vil vere nyttig at HVL er meir involvert i strategisk planarbeid i kommunane. FØS er med bakgrunn i ein omfattande studentpraksis i offentleg sektor og privat næringsliv svært interessert i å vidareutvikle/utvide dette samarbeidet også mot nye område.

5.3 Fylkeskommunen

Fakultetslinjene på campus har ikkje faste møtepunkt med fylkeskommunen, men har prosjektstyrte møtepunkt med fylkeskommunale institusjonar og tilsette. Døme er det FIN-styrte prosjektet REPEAT, Restoration of Peatland, som skjer i samarbeid med kommunar, fylke m.m.

Representantar frå toppleiargruppa i HVL deltek i møteforum der fylkeskommunen er representert.

5.4 Statsforvaltaren og statlege institusjonar

Lærarutdanningane ved FLKI deltok tidlegare i eit koordinert samarbeid med Statsforvaltaren om kompetanseheving i fylket. No er samarbeidet avgrensa til å vere kontaktpunkt mot nasjonale tilskotsordningar.

FHS har eit godt samarbeid med NAV, som signaliserer at dei ønskjer eit utvida samarbeid om forskning og forskingsområde som er relevante for NAV sin praksis, og samarbeid mot rettleiingskompetanse. NAV ønskjer vidareutvikling og samarbeid om fag innanfor velferdsområdet, som til dømes leiarkompetanse. FHS har og eit etablert samarbeid med Helse Førde. Helse Førde har signalisert kva samarbeidsområde dei ønskjer å styrke, som utsette barn og unge, miljøterapeutisk arbeid, og ønske om å rekruttere vernepleiarar.

FIN har forskings- og samarbeidsprosjekt mot ei rekkje statlege etatar, som NVE, NGU, NIVA, og UNIS innanfor fagområda skred, flaum, bredynamikk og klimaendringar.

5.5 Institusjonar lokalt

Vestlandsforskning

Vestlandsforskning er sentralt lokalisert på campusområdet. Dei har særleg høg kompetanse og prosjekt innanfor klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. FIN har prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning (forskningsrådsprosjektet JOSTICE), og FØS har utdanningssamarbeid på området digitale pengar. Ulike arbeidsordningssystem har vist seg å vere til hinder for delte stillingar mellom fagmiljø på campus Sogndal HVL og Vestlandsforskning.

Sogndal Fotball

Sogndal Fotball er eigar av Stadionbygget, idrettshallane og dei idrettsfaglege lokalitetane der HVL er leigetakar. Det er utvikla sambruksavtaler om bygga og lokalitetane. Samarbeid om utvikling av felles idrettsfaglege lokalitetar på campus, som t.d. analyselab, og samarbeid om prosjekt, utstyr og personale blir ivareteke av IIKN. Idrettssenteret på campus Sogndal er eigd av norsk idrett gjennom Sogndal Fotball. HVL har sambruksavtale med Idrettssenteret, og samarbeider om utstyr, prosjekt og personale.

Samarbeida har gitt moglegheiter for aktivitetar, prosjekt og tilbod som høgskulen ikkje kunne ha prioritert aleine. Det har gitt ei fagleg utvikling som har kome utdanningane og forskinga til gode, og som kjem studentmiljøet til gode med ekstra tilgang til aktivitetslokale og utstyr.

SAMAN

Studentsamskipnaden har kontorlokale i Stadionbygget, og organiserer studentvelferda, bustader for studentane, barnehage, kantine, kafe, bokhandel, trening, rådgiving og helsetenester for studentane. SAMAN blir økonomisk støtta av HVL, og deltek i møteaktivitet og tiltak med HVL på dei nemnde områda.

5.6 Næringsliv

Det samla samarbeidet som fagmiljøa på campus har med næringsliv er omfattande, og prosjektgruppene ønskjer å vidareutvikle det. Det dreiar seg både om forskingsprosjekt, kompetanseheving, studentarbeid, praksissamarbeid og bidrag.

FØS har det mest heilomfattande næringslivssamarbeidet. Dei driv utdanningar og prosjektarbeid mot næringslivet, har utdanningar som arbeidslivet spør etter, som til dømes reiselivsutdanninga, naturbasert reiseliv, økonomi og administrasjon, og det nye master of Science in Business. «Pandemiens påverknig på reiselivet» er døme på næringslivsretta forskingsprosjekt.

FIN: Innanfor energiomstilling kan det nemnast forskingsprosjektet NTRANS – leia av NTNU, og med ei lang rekke brukarpartnarar. FIN har og samarbeid med Vestlandsforskning, landbruk, reiseliv, NVE og energiselskap.

FLKI: Fakultetet har delte stillingar med Idrettssenteret AS og Sogndal fotball/NFF Sogn og Fjordane, som dei ønskjer å vidareføre. Utvikling av felles fysiske undervisningshubbar utanfor campus, som t.d. Læringscenter for snøskred i Hodlekve i samarbeid med Bratt Moro, er andre døme på framtidsretta samarbeid med næringslivsaktørar. Med festspela i Bergen har FLKI i Sogndal eit samarbeid om barnekunsthøytid Småspill. I tillegg kjem arbeidet med Idrettsklynge Vest, som er eit breitt planlagt klyngesamarbeid.

I tillegg kan det nemnast at både FIN og FLKI har fagleg samarbeid og samarbeid om deling av stillingar med Vite Meir på Kaupanger. HVL gir støtte til senteret ved å kjøpe ut fagpersonale frå stillingane for å gjere arbeid på Vite Meir.

Stiftingar er viktige kjelder for bidrag. Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane har støtta mange faglege satsingar på campus, til liks med stiftingar utanfor regionen.

5.7 Internasjonalt samarbeid

Internasjonale tilbod og satsing på internasjonalt samarbeid er trekt fram som eit særpreg som arbeidsgruppa foreslår å vidareutvikle til profil for campus Sogndal HVL. Her er nokre døme på aktivitetar som satsinga vil byggje på:

FIN er involvert i EU-prosjekta, :

- COMETS: Interactive seminar on citizen-led energy initiatives (learning how to create business models, how to apply for projects, stakeholder analysis).
- DRES2MARKETS: How to decarbonize energy and integrate renewables into the market.
- EERAdata: FAIR and open data in the energy sector.
- WHITECYCLE: Circular economy, role of data, human-centered digitization.
- WWF: Collaboration with the science-based target network to support cities in carbon monitoring.

Konferansar: International Youth Peace Conference on Climate Change 2016. Kan vere aktuell å byggje vidare på i ei campusprofilering på integrering og fredsskapande arbeid.

Internasjonale studium: Climate Change Management (master) og From Mountain to Fjord.

FLKI: -Studiet “Utdanning og Bærekraft” har samarbeid med DUCE, Dar Es Salaam, Tanzania. Sender studentar dit.

- Internasjonale samarbeidspartnarar som David Livingstone College of Education, der ein har studentar på studiet Global Knowledge.
- FLKI har utvekslingssamarbeid med Nordplus, og deltek i EU prosjektet SciCultureD, m.a. i samarbeid med Universitetet i Malta.
- SEFAL driftar Erasmus+-prosjektet ACTIVATE med 6 land som deltakarar for å utvikle nettbaserte studietilbod i Europa i fysisk aktiv læring.
- Ei rekkje forskingsprosjekt som har internasjonale medarbeidarar.
- Friluftsliv har det internasjonale studiet Outdoor Activities.

FØS: Det nyaste forskingsprosjektet som begge institutta deltek på via ERASMOB er «FØS IØS EEA Grant SUSTAINABLE», eit samarbeid m.a. med Romania.

FSH: -Deltek i Globale Knowledge, som har omfattande praksisutveksling. Legg til rette for nye internasjonale emne i studieplanane, og er i oppstarten av prosjektet for internasjonalisering (Ut i verden). Fakultetet utviklar emnepakkar for innreisande studentar som del av dette. Det er etablert tilbod til studentar både i Bergen og Sogndal, t.d. VIR Camp og Crossing Borders.

6.0 Bygg, fasilitetar og uteområde ved Campus Sogndal

6.1 Bygningar

Brutto/netto areal bygningar campus Sogndal

Byggnavn	Sum bruttoareal (BTA)	Sum nettoareal (NTA)
Høgskulebygget	8622,33	7711,99
Fossbygget	4879,65	4267,87
Guristova	1149	1005,80
Bragebygget	4155,97	3390,17
Stadionbygget	5351,38	5351,38
Sognahallen	0	0
Enhet	24 158,33	21 727,21

HVL har leigeavtaler med Statsbygg om Høgskulebygget, Fossbygget, Bragebygget og Guridalsbygget. Høgskulen leiger delar av Stadionbygget av Sogndal Fotball, og har leige- og sambruksavtaler i Sognahallen. Fakulteta (inkludert administrasjonen), og administrasjon/teknisk/bibliotek har tilhald i kvar sine bygg, medan aktiviteten i undervisningsromma, læringsareal, møterom og sosiale arena blir planlagde på tvers av fakulteta.

Høgskulebygget inneheld lokale og arbeidsplassar for studentane, undervisnings- og læringsareal, samskipnaden, biblioteket, tekniske og administrative tenester, og dei tilsette på FIN- fakultetet. Bygget er pr. i dag fullt. FIN har kontor i bygget, men laboratorium og læringsfasilitetar i Stadionbygget. FIN har vakse ut over tilgjengeleg tal kontorarbeidsplassar. Det same gjeld tekniske og administrative tilsette, som må ta i bruk lokalitetar til kontor som var planlagt til andre funksjonar.

Bragebygget og Guridalsbygget rommar FLKI, med unntak av idrettsfagmiljøet. I tillegg er det undervisningslokale, læringsareal og fellesareal for tilsette. Dei to bygga vart nyoppussa for 4 år sidan, og tilpassa behova til dei som er i bygget i dag.

Fossbygget er hovudbygg for FHS og FØS sine tilsette, i tillegg til undervisningsrom og læringsfasilitetar. Fossbygget er det eldste bygget, renovert for høgskulen midt på 90-talet. I dag er bygget i mindre grad tilpassa behov til tilsette og studentar enn dei andre lokalitetane på campus. Dei to fakulteta har hatt ein vekst dei seinare åra som

overstig kapasiteten i bygget, og det er akutt mangel på arbeidsplassar for tilsette. Det kan m.a. gjere det vanskelegare å rekruttere nye fagfolk.

Tribunebygget og lokalitetane for idrett: Den eldste delen av Sognahallen er frå 1998. Lokala i Stadionbygget er frå 2006. Det kom ny idrettshall og nye lokale for klatring for rundt to år sidan. FIN og FLKI gir signal om at det er læringsfasilitetar i Stadionbygget som er utdaterte i høve til behova i dag. Stadionbygget har vore ein viktig buffer for arealbehov på høgskulen på den måten at eigar Sogndal Fotball har snudd seg raskt og skaffa fram tilgjengelege areal når høgskulen har vakse.

Arealtetthet ansatte fordelt etter campus

Stuedsted	Netto m2 Stuedsted	Antall Arbeidsplasser	Ansatte	m2 per Ansatt	Antall arbeidsplasser per ansatt
Haugesund	14 630,7	151	196	74,6	0,77
Stord	14 483,8	202	197	71,7	1,0
Bergen	52 163,9	1060	1050	49,7	1,0
Førde	5162,1	92	89	58	1,0
Sogndal	21 727,2	323	369	58,9	0,88
HVL	108 167,7	1828	1901	56,9	0,96

Tabell 16; Arealtetthet studenter fordelt etter campus

Stuedsted	Netto m2	Antall studenter	M2 per student
Haugesund	14 630,7	1565	9,3
Stord	14 483,8	1285	11,27
Bergen	52 163,9	9560	5,5
Førde	5162,1	830	6,2
Sogndal	21 727,2	3010	7,2
HVL	108 167,7	16 250	6.6

Tabellane ovanfor viser dei samla kvadratmetertala og talet på arbeidsplassar pr. tilsett, og kvadratmetertala pr. student ved campus Sogndal.

6.2 Uteområda

Uteområda til HVL vert drifta av Statsbygg. Det nyaste tilrettelagde uteområdet, Høgskuleplassen, vart opparbeidd for tre år sidan i samband med rehabiliteringa av Bragebygget. Den blei tilrettelagt både som eit aktivitetsfremjande uteområde for studentar og tilsette, som eit område for undervisning med læringsfasilitetar, og som eit område for rekreasjon for lokalmiljøet. Det er potensiale for å vidareutvikle Høgskuleplassen som læringsarena. Studentane i arbeidsgruppa har spelt inn eit ønske om botanisk hage.

Uteområda på campus Sogndal er fellesområde for alle skular og bedrifter på campus. Eigargruppa planlegg og utviklar infrastrukturen på ein koordinert måte mellom eigarane, og har blikket på at uteområda på heile campus utfyller kvarandre. Eigargruppa tek i vare planer for skilting, namnsetjing osv.

6.3 Samarbeid mellom eigarane på campus Sogndal

Eigargruppa på campus vart oppretta i 2003, og har hatt ei koordinert styring med den samla utviklinga i to tiår. Det har gitt synergjar for alle partar, og ein effektiv og lønsam felles bruk av areal.

I Eigargruppa møter samarbeidspartane på høgt leiarnivå. Den er eit felles forum for utviklinga av campus Sogndal. Medlemmene representerer desse verksemdene: Vestland fylkeskommune/Sogndal vidaregåande skule, Sogndal Fotball/Sognahallen, Høgskulen på Vestlandet/Statsbygg/Saman og Sogndal kommune. Ordførar i Sogndal kommune leiar gruppa, og Sogn næring er sekretariat på vegne av Sogndal kommune.

Gruppa set av felles midlar og styrer felles infrastruktur, marknadsføring av campusområdet, felles nettside, namnsetjing osv, og held i den strategiske utviklinga av området som heilskap.

Eigargruppa er i ferd med og utvikle handlingsplan for samhandling på campus for perioden 2022 – 2025. Det er overlapping mellom tiltak som er nemnde i den førebelse versjonen av handlingsplanen og tiltak frå arbeidsgruppa for campusprosjektet. For slike tiltak kan eigargruppa bidra til å gjennomføre iverksetjing på ein koordinert måte, og med stor gjennomføringskraft. Døme på tiltak som er nemnde i begge planane er arrangement og møteplassar for arbeids- og samfunnslivet, gjere ressursar tilgjengelege for fleire ved å ta bort hinder for å låne/leige, skilting, tiltak innafor miljø- og berekraftsløysingar, m.m.

7.0 Prosjektgruppene sine framlegg til tiltak

Prosjektgruppene sine rapportar følgjer arbeidsgruppa sin rapport som vedlegg. For utfyllande informasjon om forslag frå dei einskilde prosjektgruppene vert det vist til desse fem rapportane.

7.1 Framlegg frå FIN prosjektgruppe

FIN prosjektgruppe har særskild peika på å arbeide vidare med ein visjon for campus Sogndal, kven vi er, kvar vi skal, og kva som skal vere visjonen. Dei peikar på mangfaldet av studietilbod, studentar og tilsette på campus. Dei er opptekne av inkluderande og trygt læringsmiljø, stort kulturelt og etnisk mangfald, drivkrafta i samfunnet rundt Sogndal, det tette, og nærleiken til natur. Dei peikar på at det bør bli utvikla nye studieprogram på tvers av fakultet og med eksterne samarbeidspartar, og korleis natur og nærmiljø kan utnyttast betre uavhengig av studieprogram for å rekruttere studentar og tilsette. Og poengterer særskild at campus Sogndal kan bli ein internasjonal campus som tek opp i seg integrering og fredsskapande arbeid i samarbeid med UWC, NORTEC og andre. Gruppa ber HVL- leiinga starte eit arbeid med å realisere eit «Berekraftsbygg».

7.2 Framlegg frå FLKI prosjektgruppe

FLKI løfter fram rekruttering av studentar til fleire av utdanningane som den viktigaste problemstillinga. Dette kan ein gjere med å utvikle campus Sogndal til ein endå meir attraktiv studiestad, møteplass og arbeidsplass. Det vil og trekkje til seg nye tilsette og fleire samarbeidspartnarar, peikar dei på. Dei fremjar eit tydeleg framlegg til campusprofil: «Aktiv læring og tverrfagleg samhandling». Dei fremjar ei rekkje konkrete framlegg til tiltak som peikar mot campus Sogndal som internasjonal campus, aktiv læring og tverrfagleg samhandling som felles profil i alle utdanningane i Sogndal, aktiv læring og studentaktive læringsformer, nye utdanningar, utvikling av infrastruktur og læringsarenaer som fremjar aktiv læring og varierte undervisningsformer, sosiale møteplassar, og miljø- og berekraftsløysingar. Gruppa peikar særskild på at ved realisering av tiltaka er det viktig å involvere målgruppene for tiltaka for å skape tilhøyrse og eigarskap. Det gjeld studentar og det gjeld eksterne samarbeidspartnarar.

7.3 Framlegg frå FØS prosjektgruppe

FØS prosjektgruppe framhevar verdien av å satse på det miljøskapande, infrastruktur og utvikling av Fossbygget, og samarbeid med arbeidslivet i regionen. Dei peikar på fleksibel læring(EVO) som satsingsområde, og internasjonalisering og FOU.

Gruppe har summert opp innspela sine slik:

- Det må leggest til rette for fleire fysiske møteplassar og sosiale møtepunkt på campus
- Alle tilsette må ha gode nok arbeidsplasser, primært cellekontor
- Meir tverrfakultært samarbeid internt og eksternt
- Tettare samhandling mellom utdanningane og lokalt/regionalt arbeids- og næringsliv
- Alle fakultet må ha stadleg tilgang til administrative ressursar til fleksibel læring (EVO) og internasjonalisering
- Relevante, gjennomgåande studieløp for alle bachelorutdanningar på campus Sogndal
- Samarbeidsavtaler mellom institutt/fakultet på Campus Sogndal og lokale og regionale offentlege/private aktørar bør primært inngåast på campusnivå
- Det blir sett ned et utval som innan 1. juni skal komme med innspel til eit tverrfakultært campusprosjekt om berekraft.

7.4 Framlegg frå FHS prosjektgruppe

FHS prosjektgruppe har m.a. arrangert møte og fått innspel frå dei viktigaste eksterne samarbeidspartane i arbeidet med rapporten. Gruppa peikar i oppsummeringa på studieportefølja på vidare- og masternivå som viktige oppfølgingsområde, å utvikle fleksible undervisningsmodellar, byggje ut fasilitetar mot læring heile livet, og tiltak knytt til regional rolle og samarbeid med arbeidslivet. Dei peikar på ein profil med samarbeidsforskning og praksisnær forskning, bruk av

campus som aktiv møteplass, involvering i og oppdatering på strategisk arbeid i kommunane, og hospitering og delte stillingar. Dei syner og til rekruttering av forskingsaktive medarbeidarar og balanse mellom fag og administrativ støttestruktur. Kontorsituasjonen for tilsette i Fossbygget og læringsfasilitetar for studentane vert omtala som «ein propp i systemet» for å kunne vere framtidsretta, og gruppa har ei rekkje konkrete innspel for oppfølging». «Tett på» gjennom å bruke naturen og omgjevnadane som del av utdanningsstaden, og byggje vidare på internasjonalisering som ein sterk tradisjon ved campus Sogndal, blir trekt fram som viktig for å utvikle varemerket til campus.

7.5 Framlegg frå administrativ/bibliotek prosjektgruppe

Gruppa peikar på «Tett på» som slagord og visjon som dei vil halde på og vidareutvikle for campus Sogndal. Dei har hatt fokus på korleis campus Sogndal kan bli meir attraktiv, korleis bibliotek og det administrative/tekniske fagmiljøet kan bidra til dette for alle på campus, og at miljøet er med på å bygge opp under universitetsambisjonen.

Gruppa viser til at for å til god rekruttering og sikre og styrke fag- og arbeidsmiljø bør utlysing av nokre administrative stillingar styrast mot spesifikke campus. Dette er viktig for at alle studietilbod på campus skal ha tilgang på administrative ressursar. Dei peikar på at HVL må bygge eit system for dette.

Under arealutvikling peikar gruppa særskild på potensialet for å utnytte lokalitetar i bygga på ein betre måte til møteplassar, og på kulturarrangement og sosiale møteplassar på tvers på campus for å auke aktivitet og inkludering. Dei peikar på at nokre fagmiljø på fakulteta har teknisk- administrativt fagmiljø rundt seg og andre ikkje (t.d. FIN). Døgnopne bygg, og døgnopne soner i biblioteket blir framheva som viktig, og nok arbeidsplassar og funksjonelle arbeidsplassar for dei tilsette. Hyggeleg velkomst til bygga, med inngangsparti, samlingspunkt og soner, og skilting på norsk og engelsk vert framheva. Gruppa peikar og på ei rekkje miljøtiltak og tiltak for å styrke rekruttering, også internasjonalt, gjennom omdømebygging og attraktivitet. Døme på dette er elsykkel- og elbiltiltak, bustader til leige for tilsette, mottak av tilsette, opne arrangement osv.

Vedlegg til rapporten:

- Rapportar frå dei fem prosjektgruppene
